



Helge Rød AS
Valestrandsfossen
5281 VALESTRANDSFOSSEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/6818 - 17/13073

Saksbehandlar:
Per Sveinar Morsund
Per.Sveinar.Morsund@lindas.kommune.no

Dato:
08.05.2017

Mellombels bruksløyve gbnr 197/28 Øvstegård

Administrativt vedtak. Saknr: 209/17

Tiltakshavar: Trond Floen
Ansvarleg søkjar: Helge Rød AS
Søknadstype: Søknad om mellombels bruksløyve etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-10.

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt, med unntak av nokre mindre vesentlege arbeid. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 02.05.16 og 21.11.16.

Ansvarleg søkjar har stadfesta at byggverket har tilfredsstillande tryggleiksnivå til å takast i bruk. Følgjande arbeid står att:

1. Opparbeiding av avkjørsle i samsvar med retningslinjer gjeve i vedtak datert 16.12.15

Mellombels bruksløyve gjeld heile tiltaket.

Ansvarleg søkjar har opplyst tidspunkt for ferdigstilling til: 31.08.17

Det vert elles vist til søknad motteken 05.05.17

VURDERING

Kommunen legg motteken dokumentasjon til grunn og vurderer at det står att mindre vesentleg arbeid, og finn etter ei samla vurdering at det kan skrivast ut mellombels bruksløyve for [heile/delar] av tiltaket, jf. plan- og bygningslova § 21-10, 3. ledd.

Skildring

Adresse:	
Bygningstiltak:	Riving og oppføring av ny bustad
Bruksareal:	0
Avløp:	Privat



Vatn:	Privat
Tal på røykløp:	1

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10, 3. ledd vert det gjeve mellombels bruksløyve for riving og oppføring av bustad på gbnr gbnr 197/**28**// på følgjande vilkår:

1. Ferdigattest skal liggje føre innan 31.10.17

Bortfall av mellombels bruksløyve

Mellombels bruksløyve fell bort på fristdato for ferdigattest. Om det ikkje ligg føre ferdigattest innan fristen er bruk ikkje lenger lovleg og må opphøyra. Om attståande arbeid ikkje vert ferdigstilt innan fristen skal kommunen gje pålegg om ferdigstilling etter plan- og bygningslova kapittel 32. Bygningen eller delar av han må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen. Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 14/6818

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Per Sveinar Morsund
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Trond Floen

Oteråsen 20 A

5914

ISDALSTØ

Mottakarar:
Helge Rød AS

Valestrandsfossen 5281

VALESTRANDSFOSSEN